

Frå Nord-Dakota til Sletta

RADØY: I språkprofessor Gunnstein Akselberg si bok «Stadnamn i Hordaland» finn vi emigrantkyrkja på Sletta nemnd under kapittelet om Radøy. Der står det at i kommunen finn vi Vestnorsk utvandringssenter der det m.a. finst ei emigrantkyrkje som vart reist av norske emigrantar i Nord-Dakota tidleg på 1900-talet. Her les vi og at namnet Radøy opphavleg er eit usamansett namn, og at tradisjonell uttale er raøynè.



Slettakyrkja på bryllaupsside

RADØY: Dersom ein søkjer på mitt-bryllup.no kjem eit bilde av emigrantkyrkja på Sletta opp. Bilde er brukt som illustrasjon til ei sak med overskrift «Huskeliste for vigsel i kirke». Under finn ein «tips og gode råd til kirkelig vigsel», med særleg fokus på planleggingsfasen.

På sida finst det og to såkalla tags, der det same kyrkjebildet er brukt; bryllup i norsk kirke, og kristenbryllup.

– Gir haugianarane den plass dei fortener

RADØY: – De får heilt nye forskingsresultat i dag. Er dei for dårlege, tenkjer eg at Dyrkolbotn seier frå, seier professor Ola H. Grytten med eit smil.

RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no

Vi er på fagseminaret under årets Utvandringfestival på Sletta, lørdag formiddag.

Grytten tar forsamlinga med tilbake til liberalismen sin framvekst, som grunnlova bygger på.

- Utvandringa var eit ledd i den liberalistiske ordninga. Overskotet av arbeidskrafta vandra ut, seier han.

4. november vår dag

Professoren ved NHH er klar på at vi burde ha feira nasjonaldag 4. november, og ikkje 17. mai.

- 4. november fekk vi den reforhandla grunnlova som var endå meir liberalistisk med aukta makt til folket, og kongen sin makt vesentleg redusert, seier han.

Haugianarar på Stortinget

Grytten seier Hans Nielsen Haug truleg er norsk historie sin mest undervurderte person, for han gir ordet vidare til førsteamanuensis Kjell Bjørn Minde ved Høgskolen Stord/Haugesund. Han skal formidla den nye forskinga deira om haugianarane.

- Vi har sett på korleis dei 54 haugianarane som sat på Stortinget – dei fleste bønder, nokre kjøpmenn – var med på å modernisera Norge, seier Minde. Han legg til at i 1814 var 60% av bondene haugianarar, i 1850 var ein tredjedel av stortingsrepresentantane haugianarar, og i 1894 kom den siste haugianaren på Stortinget.



GRUNNLOVA OG UTVANDRING: Ola Honningdal Grytten (t.v.) og Kjell Bjørn Minde tok for seg «Grunnloven og haugianerliberalistene». Asbjørn Ystebø vart stand i over natta for Frank Årebrot som hadde tema «Riset bak speilet: Utvandringens betydning av politiske og sosiale rettigheter i Norge». (Foto: Randi Bjørlo)

- Kraften hadde gått ut av rørs-la då, seier han.

Religionsfridom

Minde viser til at haugianarane tok opp spørsmål som har med religionsfridom å gjera, noko som var forsømt av grunnlova. Han fortel om eit døme der ei kvinne frå Østerdalen dreiv med

forkynning, då presten kom inn i motet og gav ho ein øyrefik og ville avbryta motet.

- Presten kjem i tvil om han gjorde rett. Kvinna seier ho vil læra av det Gud lar skje med henne, og at presten kanskje har gjort noko gale. Det endar med at presten går gråtande ut, fortel Minde.

Nesten fornøgd

- Haugianarane er med på å driva fram det moderne Norge. I nokre saker er dei spydspissar. Dei går i brodden for å få på plass formannskapslovene som skapar demokrati på lokalplan, seier Minde.

- Eg kom hit med håp om at vi fekk eit foredrag som gav haugia-

narane den plassen dei fortener. Det har vi fått, eg gir karakter 19,5, då her manglar konkrete døme på etterkommarar og kva dei står for, seier Otto Dyrkolbotn som er engasjert tilhøyrar.

- Då må de invitera oss neste år også, svarar Grytten som og deltok under Utvandringfestivalen i 2004.

– I Amerika var framtida

RADØY: – Bestefar sa til min far at no kan du få arbeid og framtid her heime og, seier Asbjørn Ystebø.

RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no

Amerikanarane får si grunnlov i 1787, i Philadelphia Pennsylvania.

- William Penn har gitt namnet

til Pennsylvania. Han var kvekar og desident, noko faren likte dårleg. Han lante pengar til han som skulle bli konge, så då arva til William skulle bli gjort opp, får han tildelt eit mandatområde i Amerika. Der lagar han prinsippet om at dette skal vera fridomsområde for folk med ulik tru. Det lett trykkt for dei som har makt i Europa, seier lektor og initiativtakar til Vestnorsk

Utvandringssenter, Asbjørn Ystebø. Han har steppa inn under fagseminaret på svært kort varsel for professor Frank Årebrot.

- I Amerika var folk likeverdige, velkomne. I Europa herja Napoleonskrigane, med Skandinavia i spenningsfeltet mellom desse, seier Ystebø.

Han seier prinsippa til vår grunnlov var å få mandat frå folket.

- På kyrkjebakken ved Seljord kyrkje var første plassen dei valde delegatar til riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814.

- Delegatane der var embetsmenn, folk frå kjøpmannsstanden og haugianske bønder som kunne tala og heldt seg edrue, slik Årebrot uttrykte det på telefonen til meg, seier Ystebø.

- Ikkje det breie lag av folket,

men kanskje med mandat derifrå.

Han fortel at kvekarane var dei første som utvandra til Amerika. Og at riset bak spegelen som er bakteppet for foredraget, var at det låg eit land der borte om dei ikkje fann seg til rette i Norge.

Ystebø er også innom Marcus Trane som dør i Amerika, og som 50 år seinare får si æresgrav i heimlandet.